



Otternes
FOTO: Malcolm Dickinson

Kulturminneplan for Aurland kommune 2017-2021 – Planprogram



Innhold

1. Innleiing	2
1.1. Nasjonale, regionale og lokale mål og retningslinjer	4
1.1.1. Lovgrunnlaget.....	4
1.1.2. Stortingsmeldingar.....	4
1.1.3. Riksantikvarens fredningsstrategi	4
1.1.4. Regionale planar - Fylkesdelplanar	5
1.1.5. Lokale planar	5
1.2. Føremålet med planarbeidet	5
1.3. Forskrift om konsekvensutgreiing.....	6
1.4. Føremål med planprogrammet	6
1.5. Lokal kulturminneplan	6
1.6. Arbeidet skal vera lokalt forankra	7
2. AVGRENSING AV PLANOMRÅDE	7
2.1. Generelt om bakgrunn for planarbeidet.....	7
2.2. Prioriterte kulturminne i Aurland	8
2.2.1. Kulturminneveldar og registreringskurs.....	9
3. PLANPROSESSEN - DELTAKARAR, MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT	9
3.1. Organisering av planarbeidet.....	9
3.2. Opplagg for gjennomføring av planarbeidet	9
3.3. Tidsplan	10

1. Innleiing

I brev frå Riksantikvaren, datert 14.12.2012, inviterte Riksantikvaren fylkeskommunane til samarbeid, for å styrka kommunal kulturminneforvaltning. Der står det mellom anna:

God kulturminneforvaltning i kommunene krever kunnskap og oversikt over lokalhistorien og kulturminnene. Det er behov for styrket kulturminnekompetanse i mange kommuner, og det mangler gode oversikter over kulturminnene. Miljøverndepartementet og Riksantikvaren arbeider med et mål om kunnskapsløft for kulturminneforvaltning og har en satsing på dette som skal gå frem til 2017. Et viktig tiltak er å legge til rette for, og stimulere kommunene til, å utarbeide kulturminneplaner.

Kommunedelplaner for kulturminnene er gode verktøy for forvaltning av kulturminnene og vil samtidig auke oppmerksomheten og kunnskapen om dem. Riksantikvaren oppfordrer kommunene til å sette kulturminneplaner på dagsorden bl.a. ved registrering og planlegging.

Sogn og Fjordane utlyste midlar til utarbeiding av lokal kulturminneplan og registreringsarbeid. Aurland kommune søkte om og fekk tildelt midlar til å starta opp planprosessen til lokal kulturminneplan våren 2015. Kulturminneplanen frå 1990 skriven av Mona Nielsen vert lagt til grunn for den nye lokale kulturminneplanen for Aurland kommune.

Vilkåra for tildeling seier fylgjande:

- kommunen har ein prosjektplan fram til vedtatt plan
- det er politisk vedtak om utarbeiding av kulturminne - /kommunedelplan
- verneverdige kulturminne skal leggest inn i Askeladden
- kommunen rapportar er til fylkeskommunen

Målet med revideringa er å gjennomføra ein kvalitetskontroll og ei oppgradering av det som er registrert i dei ulike registra (Kulturminnesøk/Sefrak/Askeladden). Planen skal vidare koplast mot samfunnsdelen i Kommuneplanen, og dette arbeidet skal resultera i ein kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljøa for Aurland kommune.

Arbeidet med kulturminneplanen vil starta i sommar/hausten 2016, og vil bli innleidd med ein kulturminnekveld for å få innspel frå publikum.

Planprogrammet peikar på dei viktigaste problemstillingane knytt til kulturminne og kulturmiljø i kommunen, og kva som er målet med planarbeidet. Det er vidare peika på aktuelle prioriterte satsingsområde som kan inngå i eit handlingsprogram. Planprogrammet seier også litt om planprosess, medverknad og framdrift.

Kulturminnelova § 2 definerer **kulturminne** som "alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon." Dette kan vera buplassar, graver, dyrkingslag, fangstanlegg, jernvinneanlegg, kyrkjer og kultstader osb.

Med kulturmiljø meiner ein område der eit eller fleire kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Ei samla vurdering av kulturhistoria i eit område og kulturminne vil danna grunnlag for avgrensing av kulturmiljø. Omgrepet kulturmiljø femnar den samanhengen dei inngår og er viktig for deira verdi som kulturminne. Det er nær samanheng mellom kulturmiljø og landskapstype. Eit kulturmiljø kan og vera eit heilskapleg bygningsmiljø.

Kulturminnedefinisjonen er i seg sjølv svært vid, og ikkje basert på ei verdivurdering av spora frå fortida. Det er heller inga nedre aldersgrense for kva som er kulturminne. Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø er stort og samansett, både i tid og rom, typar, form og funksjon. At eit kulturminne er freda betyr at det er underlagt forvaltning etter kulturminnelova. Det finst ulike paragrafar i lova til bruk for ulike typar kulturminne og kulturmiljø. Freding vert vedteke av staten ved Riksantikvaren og gir kulturminnet eit sterkt vern. Ved nyare fredingsvedtak vil det ligge føre detaljerte fredingsføresegner.

Forvaltninga skil mellom automatisk freda kulturminne (òg kalla fornminne) og etterreformatoriske kulturminne. Fornminne er kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen), ståande bygningar eldre enn 1650, samiske kulturminne og kulturminne i vatn og vassdrag eldre enn 100 år. Automatisk freding gjeld sjølve kulturminnet og ei sikringssone på minst fem meter kring det, inntil rette forvaltningsmyndigheit eventuelt har bestemt noko anna. Etterreformatoriske kulturminne, frå tida etter 1537, kan fredast etter vedtak. Heile område kan fredast etter §19 i kulturminnelova, eller regulerast til omsynssone bevaring etter plan og bygningslova.

På 1990-talet vart det gjort ei landsomfattande registrering kalla SEFRAK. Dette omfattar hus eldre enn 1900 og andre faste kulturminne frå tida etter 1537.

Det er Sogn og Fjordane fylkeskommune som er rette forvaltningsmynde i høve til kulturminne (automatisk freda og etterreformatoriske kulturminne) og kulturmiljø/verneområde i kommunen.

1.1. Nasjonale, regionale og lokale mål og retningslinjer

1.1.1. Lovgrunnlaget

Formålsparagrafen (§1) i Kulturminneloven av 9. juni 1978:

”Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet”.

Formålsparagrafen (§1) i Plan- og bygningsloven av 27. juni 2008:

” Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser. (...) Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives. Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.”

1.1.2. Stortingsmeldingar

St.meld. nr 16 (2004-2005) «*Leve med kulturminner*» vart følgt opp med ei ny melding som er retningsgjevande for kulturminneforvaltninga i Noreg. St.meld. 35 «*Framtid med fotfeste*» (2012-13). Den nye meldinga omtalar justeringa i kulturminnepolitikken, som er viktige for å nå måla Stortinget har sett. Fredningspolitikken skal prioritere heilskaplege kulturmiljø, og i større grad ta omsyn til dei praktiske og økonomiske konsekvensane ei freding får for samfunnet. Meldinga inneheld vurderingar og formuleringar av verdigrunnlag, mål og strategiar for ein fornaya kulturminnepolitikk. Den gjev òg ei rekkje konkrete tilrådingar.

1.1.3. Riksantikvarens fredningsstrategi

Våren 2015 kom «*Fredningsstrategi mot 2020*» for kulturminneforvaltningen som prioriterer kva områder som skal fredast i dei neste fem åra. Strategien er retningsgjevande for Riksantikvaren og fylkeskommunen sitt fredningsarbeid.

1.1.4. Regionale planar - Fylkesdelplanar

I Sogn og Fjordane er det utarbeida ein Fylkesdelplan for arealbruk (2000). Denne gjev retningslinjer til kommunal arealplanlegging. For tema kulturminne og kulturlandskap har planen følgjande mål:

Sikre ei berekraftig utvikling og verne kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida og sikre kulturminne og kulturmiljø av kulturell, geografisk og tidsmessig breidde som har nasjonal, regional og lokal verdi.

Vidare er hovudmålet i Fylkesdelplan for landbruk (2002) livskraftige bygder i heile Sogn og Fjordane. Ein av strategiane er å utvikle kulturlandskapet som ressurs. Tiltaka omfattar etablering av nasjonalt senter for kulturlandskap, dokumentasjon av kulturlandskapet sin verdi for reiselivet og auke kunnskapen om forvaltning og skjøtsel av kulturlandskap.

1.1.5. Lokale planar

Aurland kommune har ein plan for vern av kulturminner frå 1990. Planen omfattar alle sider av kulturminnevernet i kommunen og trekk opp retningslinjer for vidare arbeid. Det vart først laga ein kulturminneplan for materielle kulturminne og seinare, i 1993, vart det utarbeidd kulturminneplan for ikkje materielle kulturminne.

Delar av Aurland er omfatta av Forvaltningsplan – Vestnorsk fjordlandskap – Delområde Nærøyfjorden frå 2008. Bakgrunnen for utarbeiding av planen ligg nedfelt i "Forvaltningsplan for vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden" og satsingsområde "Parkplan til Nærøyfjorden vedsarvpark": *Gardstun, husmannsplassar og enkeltståande bygningar er viktige fokuspunkt i landskapet. I Nærøyfjordområdet finn ein mange gardar og buplassar som gjennom tidene har blitt fråflytte og som no ligg til forfall. Mykje av forfallet kan ikkje stoppast, og alt kan ikkje restaurerast. Nokre bygningsmiljø og bygningstypar bør sikrast for framtida for å ha eit representativt utval av bygningstypar og bruksområde.*

Planen omfattar bygningar som ligg innanfor verdsarvområdet, med ei grendvis oversikt over bygningar og bygningsmiljø – mellom anna i Aurland med tilhøyrande stølar, Flåm, Undredal med Hjøllo og Stokko, Høgdegardane Stigen og Nedbergo, Breisnes med Nordheimsdalen, Styvi, Ramsøy, Skjerpi, Hylland, Hemri og Gudvangen, Gudvangen tettstad (Fet), Bakka og Tufto og Dyrdal og Drægo. Forvaltningsplanen har eit underkapittel som omfattar kulturminne. Restaureringsplan for Nærøyfjorden verdsarvområde omhandlar verneverdige bygningar i verdsarvområde.

Det ligg i tillegg fleire reguleringsplanar som vernar bygningar og bygningsmiljø i kommunen. I planane ligg det fylldig dokumentasjon om bygningar og bygningsmiljø.

1.2. Føremålet med planarbeidet

Arbeidet med kulturminneplan og kulturminneregistrering skal bidra til:

- Identitet, lokal forankring og engasjement
- Auka kunnskap om, og bevisstgjerjing av kulturminneverdiane i kommunen
- Oversyn og verdisetting av viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
- Oppdatering av dei nasjonale kulturminnedatabasane Askeladden og Kulturminnesøk
- Oppdatering av SEFRAK-registeret (hovudsakleg bygningar oppført før 1900)
- Betre forvaltninga av kulturminne m.a. gjennom bruk av plan- og bygningslova
- Utvikla eit godt samarbeid mellom ulike aktørar innanfor kulturminnefeltet

- Legge til rette for at kulturminna i kommunen bidreg til auka verdiskaping

1.3. Forskrift om konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutgreiing er ikkje relevant for dette planarbeidet.

1.4. Føremål med planprogrammet

Gjennom arbeidet med planprogrammet skal det avklarast korleis den tematiske kommunedelplanen skal innrettast, samt omfang og innhald. Arbeidet med planprogrammet er òg ein prosess der kommunen kjem fram til kva som er dei viktigaste problemstillingane knytt til kulturminne og kulturmiljø og kva som skal vere målet med planarbeidet. Ein skal òg kome fram til prioriterte satsingsområde for kulturminnevernet i kommunen. Planprogrammet er eit fleksibelt verktøy for den tidlege fasen av planarbeidet og skal tilpassast den konkrete plansituasjonen og planbehovet. Som eit minimum skal planprogrammet gjere greie for målet med planarbeidet, planprosess og medverknad.

1.5. Lokal kulturminneplan

Aurland kommune har gått føre i dette arbeidet heilt sidan kulturstyret i Aurland i 1988 vedtok at det skulle lagast ein plan for kulturminnevern og lokalhistoriearbeid i Aurland kommune. Ønsket då var å få ein plan som omfatta alle sider av kulturminnevernet i kommunen, og som trakk opp retningslinjer for vidare arbeid. Denne planen frå 1990, skriven av Mona Nielsen, skal vera utgangspunktet for den nye lokale kulturminneplanen for Aurland kommune.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige ikkje-fornybare ressursar i lokalsamfunnet. Kulturminne kan ha verdi som kjelde til kunnskap og opplevingar, og som bruksverdi. I vurderinga av kva som er dei viktigaste kulturminna, skal det leggjast vekt på:

- Kva kunnskap kan kulturminnet gje oss?
- Kva opplevingar kan kulturminnet gje oss?
- Kva bruk kan kulturminnet ha?

Det er opp til innbyggjarane og Aurland kommune å avgjere kva som er viktige lokale kulturminne i kommunen, og kva kulturminne som skal omhandlast i kulturminneplanen. Utover det kan kulturminna òg ha regional eller nasjonal verdi. I nokre tilfelle kan kulturminneverdiane òg vere på eit internasjonalt nivå.

Hovudmålet med ein kulturminneplan er å utarbeide ein reiskap til å gje oversikt over kva kulturminneressursar som finst i kommunen. Planen bør vise status og føreslå ei prioritering av kulturminna for på best mogleg vis sikre og forvalte denne ikkje-fornybare ressursen. Hovudtyngda av arealplanlegginga og den daglege forvaltninga av kulturarven føregår i kommunen. Aurland kommune har slik eit stort ansvar for forvaltning av kulturminne lokalt.

Ein eigen kulturminneplan, som gjev eit geografisk og kvalitativt oversyn over kulturminne og kulturmiljø i kommunen, er eit viktig styringsverktøy i den kommunale kulturminneforvaltninga. Dette inneber verdivurdering og prioriteringar. Når nokre kulturminne/-miljø vert viktigare enn andre, vert kulturminna lettare å forvalte. Å få utarbeidd ein kulturminneplan er òg eit viktig førebyggjande tiltak. Kulturminna vert altfor ofte oppdaga i samband med ei byggjesak. Med ein eigen kulturminneplan kan ein lettare unngå slike konflikhtar.

Gjennom ein eigen kulturminneplan for Aurland ynskjer me å ha følgjande mål:

- Revidering av kulturminneplanen frå 1990, kvalitetskontroll og oppgradering av det som er registrert i dei ulike registra (Kulturminnesøk/Sefrak/Askeladden)
- Kopling mot kommuneplanens samfunnsdel og arealdel
- Resultat: kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljøa for Aurland

Følgjande moment skal prioriterast:

- Stølsdrift/stølskultur – kartlegging og registrering
- Krigens kulturminne (i tråd med invitasjon frå Klima- og miljødepartementet). Aurland kommune ønskjer å fokusera spesielt på den immaterielle arven etter krigen.
- Kulturminneforvaltning i eit endra klima. Aurland kommune er med i eit pilotprosjekt om forvaltning av kulturminne- og miljøa i eit endra klima. Resultata frå dette prosjektet ønskjer me å ta med i arbeidet med kulturminneplanen. Arbeidet vil ta utgangspunkt i Riksantikvaren sin rapport "Kulturminner og klimaendringar. Pilotprosjekt – Aurland kommune" som kom ut i september 2015.

1.6. Arbeidet skal vera lokalt forankra

Aurland kommune er rik på kulturminne frå både førhistorisk tid og nyare tid. For å sikre langtidseffektar for kulturminneverdiane i kommunen er det viktig å arbeide med haldningsskaping og kunnskapsbygging. Gjennom bevisstgjøring og auka kunnskap om kulturvern og kulturminneverdiane i Aurland, både hjå sakshandsamarar, politiske organ og innbyggjarane i kommunen, vil ein legge til rette for ei god kulturminneforvaltning og positive haldningar til kulturminnevernet som ein ressurs for kommunen og lokalmiljøet.

2. AVGRENSING AV PLANOMRÅDE

2.1. Generelt om bakgrunn for planarbeidet

Alle har eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap for kommande generasjonar. Den offentlege forvaltninga har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturminneforvaltning vert oppfylt. Gjennom bruk av plan- og bygningslova blir kommunane heilt sentrale i dette arbeidet. Staten ventar at kommunane registrerer og gjer ei verdivurdering av kva kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi, og arbeider inn desse i planar etter plan- og bygningslova. Ein kulturminneplan vil vere eit godt verkty og gje eit godt grunnlag for arbeidet. Kommunedelplanen for kulturminne vil sette temaet på den politiske saklista og innarbeide det i kommunen si verksemd.

Det er eit ynskje at planen skal ha som mål å formidle kunnskap om kulturminne og verdien av desse til innbyggjarane. Planen vil òg vere viktig for eigarar av kulturminne. At eit kulturminne er forankra i planen er viktig med tanke på stønadsordningar og tilgang på rettleiing i bruk og vedlikehald.

Kulturminneplanen skal få fram:

- kva kulturminne som skal takast vare på
- kva tiltak som må settast i verk for at ein skal kunne ta vare på kulturminna
- kva kulturminne som skal dokumenterast/registrerast for ettertida før dei går tapt

I forvaltninga innan areal-, plan- og byggesaker vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv sakshandsaming. Kulturminneplanen er eit viktig dokument som skal vere styrande for kommunen si handsaming og forvaltning av kulturminner i plan- og byggesaker.

2.2. Prioriterte kulturminne i Aurland

Arbeidet med kulturminneplanen krev ein gjennomgang av det eksisterande kunnskapsgrunnlaget, ei vurdering av om det må gjerast kontrollregistreringar, eller om det skal registrerast på andre måtar enn det er registert i dag. Gjev kulturminna som alt er registrert eit godt og dekkande bilde av dei lokalhistoriske tilhøva?

I kulturminneplanen vil dei viktigaste trekka i Aurland si kulturhistorie bli skildra ut i frå tema og tidsperiode. Eit oversyn over registrerte kulturminne, både frå førhistorisk tid og nyare tid vil ligge ved planen, med framlegg til omsynssoner og føresegner til kommuneplanen.

Med bakgrunn i dette ynskjer Aurland kommune å inndele kulturminneverdiane i kommunen i følgjande overordna tema:

Bygder, gardar og kulturlandskap

- Gamle vegar, samferdslehistorie og reiseliv
- Husmannsplassane
- Kulturhistoriske bygningsmiljø, gardstun og bygningar, geile/gote, dyrehald og åkerdrift
- Dei gamle bygdesentrum
- Kyrkjer og kyrkjegardar, Skulehus og forsamlingslokale

Fjell, stølar og utmark

- Jakt- og fangstminne
- Andre utmarksminne
- Stølar, stølsvegar, tufter, hellarar
- Kulturminner i verdsarvområdet

Krigsminne

- Kvardagslivet i krig og krisetid
 - Minner over motstandsarbeid
 - Okkupantane sine byggverk, brakker, bygningar, forsvarsverk
- Immaterielle kulturminne (stadnamn, bilete, kunst, musikk, tradisjon, segn, historier, hendingar) inngår i og vert dekkja av tema ovanfor.

Innspeil på den innleiande kulturminnekvelden (sjå vedlegg), samt drøftingar i arbeidsgruppa ligg til grunn for avgrensing av tema. I løpet av arbeidet med kulturminneplanen vil føreslegne tema kunne endrast eller supplerast.

Kulturminnefeltet er stort, og no i planprogramfasen skal ein kome fram til område som er særmerkte og viktige for Aurland. Det vil kanskje òg verte naudsynt med avgrensingar innanfor dei utvalde satsingsområda. Dei viktigaste kulturminna for Aurland, som fortel om og representerer det særmerkte for Aurland sin kultur og identitet, skal registrerast, verdipurderast og leggest inn i ein handlingsplan som skal opp til politisk handsaming kvart 4. år.

Arbeidsgruppa for kulturminneplanen har føreslege tre hovudpunkt som satsingsområde, og ynskjer at innbyggjarane i Aurland tek stilling til om dette dekker dei viktigaste kulturminna som er særmerkte for Aurland. Arbeidsgruppa ønskjer i hovudsak å sette fokus på kulturminne som ikkje er omfatta av andre planar eller vern. Val av satsingsområde inneber at ein i denne omgang vel vekk andre område. Dei vil få ein kort omtale i kulturminneplanen. Ved seinare politisk handsaming er det likevel mogleg å ta inn andre tema i kulturminneplanen og i handlingsplanen. Me ynskjer òg at innbyggjarar brukar registreringsverktøyet og databasen kulturminnesøk for å registrere kulturminne i Aurland.

2.2.1. Kulturminnekveldar og registreringskurs

For å setja i gang arbeidet med kulturminneplanen, vart det eit innleiande møte med Aurland sogelag der planprosess og fokusområde vart orientert om. Sogelaget blir ein viktig samarbeidsaktør i planarbeidet.

Medan planprogrammet er på høyring og før planprogrammet skal vedtakast er det planlagt å gjennomføre ein kulturkveld for å få opp engasjementet tidleg i planarbeidet. Dette vert samordna med oppstart av frivilligheitsmeldinga. I tillegg vert det gjennomført registreringskurs. Eit kurs som skal gjera innbyggjarane i kommunen i stand til å vera med på å registrera dei mange kulturminna våre, ved hjelp av nettstaden kulturminnesøk.no.

3. PLANPROSESSEN - DELTAKARAR, MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT

3.1. Organisering av planarbeidet

Kommuneplannemnda er kommunen sitt faste utval for kommuneplan-/kommunedelplanarbeid og dei er styringsgruppe for planen. Arbeidsgruppe for planarbeidet er tenesteleiar for Kultur Martin Hendriks, rådgjevar plan Jan Olav Åsarmoen Møller, byggesakshandsamar Are Frøysland Grande, landbrukssjef Magnhild Aspevik og kulturkonsulent Lene Engvik Rasch. Saksansvarleg og sakshandsamar for kulturminneplanen ligg til rådgjevar plan.

3.2. Opplegg for gjennomføring av planarbeidet

I samband med utarbeiding av planen har kommunen fått økonomisk tilskot frå Riksantikvaren til å registrere kulturminne. Kommunen står fritt til bestemme kva for type kulturminne me ynskjer å registrere, og det er heller ikkje lagt opp til at dei som registrerer skal ha spesielle forkunnskapar for å kunne registrera. Riksantikvaren har utarbeidd registreringsskjema og ei registreringshandbok som gjev rettleiing i korleis registrere kulturminne. Riksantikvaren har òg utvikla «kulturminnesøk.no» som er ein nasjonal publikumsportal som formidlar alle registrerte kulturminne. Gjennom å ta i mot tilskotet har kommunen òg plikta seg til å legge ut kulturminna på denne portalen. Fylkeskommunen er til hjelp med å arrangere kurs i registrering og kulturminnesøk og elles fagleg rettleiing undervegs i registreringsprosessen.

Det er planlagt eit registreringskurs. Planprogrammet er venta vedteke om lag samstundes som registreringsarbeidet startar opp. Det vert truleg arrangert fleire opplæringskurs og kulturkveldar.

Ein ansvarleg koordinator skal ta ansvar for registreringar innanfor dei tre satsingsområda som er valt ut i planprogramfasen. Dette vil vere personar med kunnskap og/ eller interesser innanfor dei ulike felt.

Det vil vera naudsynt å knyte på samarbeidspartnarar og aktørar i delprosjekt i planarbeidet. Dette vil vera fylkeskommunen, Nærøyfjorden verdsarvpark, verneområdeforvaltar, lag og organisasjonar.

Under, og etter, registreringsperioden vil det bli arbeidd med innhaldet i kulturminneplanen. Arbeidsgruppa skal utarbeide framlegg til handlingsplan med kostnadsoverslag. Handlingsplanen, som skal prioritere vidare arbeid innafor kulturminnefeltet i Aurland kommune, vil vere ein viktig del av arbeidet. Me vil i denne samanheng òg jobbe vidare med formidlinga av kulturarven i kommunen, gjerne knytt opp mot natur- og friluftsiresser, sentrumsnære turveggar mv. Dette vert samordna og koordinert med andre prosjekt som bl.a sti- og løypeplan, folkehelsearbeid etc. Det er naturleg at registreringsarbeidet òg vert vidareført etter at kulturminneplanen er vedteken, og at dette registreringsarbeidet vert forankra i handlingsdelen i kulturminneplanen.

3.3. Tidsplan

1. Utkast til planprogram: offentlig ettersyn juni 2016
2. Kulturkveld august/september 2016 Registreringskurs for frivillige hausten 2016.
3. Vedtak planprogram august 2016.
5. Registrering/oppdatering av kulturminne september – desember 2016.
6. Arbeid med sjølve planen desember – mars 2017
7. Utkast til plan utlagt til off. ettersyn mars/april 2017
8. Vedtak av endeleg plan juni 2017